


Årsrapport 2013

Hardangervidda Fjelloppsyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjellova og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegretslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettigkeitshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt anvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndighet og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndighetene.

Harangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyra på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Pb 562, 5703 VOSS

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2013.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og daglegrift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 3,8 årsverk i 2013

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av UniResearch, Universitetet for Miljø og Biovitenskap, Norsk Institutt for vannforskning og Hardangervidda Villreinutval.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppdragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Februar 2014

Georg Gjøstein /s/
Daglegrift leiar

Innhold


1.1 Jakt.....	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel	5
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Sårbare artar.....	6
1.6 Kulturminner	6
1.7 Naturvernområder.....	6
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	7
3.1 Generelt	7
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter.....	7
3.3 Heimeside	7
4. Rekrutteringsarbeid.....	8
4.1 Generelt	8
4.2 Særskilde arrangement	8
5. Registreringsarbeid.....	8
5.1 Registrering av villrein – Rv 7, m.m.	8
5.2 Registreringar under villreinkalving.....	8
5.3 Strukturtelling av villrein	9
5.4 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.	9
5.5 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	9
5.6 Vatnprøver	9
5.7 Rovviltkontaktarbeid	9
5.8 Registrering av jerv	9
5.9 Beitestudie	10
5.10 Snømålingar.....	10
5.11 GAB registrering	10
5.12 Fugletaksering TOV-E	10
5.13 Registrering av hekkelokalitetar for rovfulg	10
5.14 Registrering av dykkender.....	10
6. Skjøtselsarbeid.....	10
6.1 Rotenonbehandling.....	10
6.2 Skilting	11
6.3 Renovasjon	11
6.4 Rydding av vegetasjon i naturreservat	11
6.5 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra	11
7. Sekretariat.....	11
8. Organisasjonen	12
2.1 Generalforsamling	12
2.3 Tilsette	12
Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyrা.....	13
Arbeid for Røldal fjellstyre	13
Arbeid for Ulvik fjellstyre	15
Arbeid for Ullensvang fjellstyre	17
Arbeid for Odda fjellstyre	19
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	21
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	23
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	25
Vedlegg 2. Arbeid for medlemer i Hardangervidda	
Grunneigarsamskipnad	27
Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn.....	27

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet i det samordna villreinjaktoppsynet på Hardangervidda i 2013. Arbeidet føregjekk i lag med politiet og Statens naturopsyn. Oppsynet bisto med innsamling av kjøtprøver for måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta. Det er laga ein særskild rapport for villreinjaktoppsynet.



Oppsynspersonell sør på vidda under jakta

Småviltjakt

Oppsyn med småviltjakt i 2013 føregjekk i stor grad i kombinasjon med oppsyn med villreinjakt i statsallmenningane. Det vart utført særskilt oppsyn med småviltjakt i Røldal og Eidfjord. Det vart prioritert å drive oppsyn i grenseområda mot private eigendomar i Røldal og sjå til at reglar om fredning av rype vart helde i Ulvik og Eidfjord.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert jamnleg. I 2013 var det sett av særskild tid til kontrollar i Eidfjord statsallmenning, Ulvik statsallmenning, Røldal statsalmenning og Øvre Numedal statsallmenning.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2013 føregjekk i Nore og Uvdal, Vinje, Eidfjord, Ullensvang, Fyresdal, Odda og Voss. Sommarstid er det gjennomført kontrollar på bilar/ATV og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Motorferdsel	46	39	42	10	30	66
Småviltjegerar	1	9	2	7	15	10
Villreinjegerar	75	101	121	51	60	57
Fiskerar	58	53	21	10	26	22
SUM	181	202	207	78	131	155

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar						Antall anmeldelsar				
	2013	2012	2011	2010	2009	2013	2012	2011	2010	2009	
Motorferdsel	4					4*	1	3		4	
Småviltjegerar											
Storviltjegerar		5	1	3		1	1		1	1	
Fiskerar	17				1	1		2			
Bandtvang	1	2		2						1	
SUM	22	7	1	5	1	7	2	5	1	5	

* Anmeldelsane er skrive av ordinære polititjenestemenn på patrulje med fjelloppsynet.

1.5 Sårbare artar

Fjelloppsynet har helde oppsyn med hekkelokalitetar for rovfugl i Buskerud og Telemark.

1.6 Kulturminner

Fjelloppsynet held generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

1.7 Naturvernombområder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark samt tre landskapsvernombområde.

Tabell 3. Naturvernombområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2013

Vernombområder i Telemark:	Kommuner
Hardangervidda nasjonalpark	Vinje og Tinn
Møsvatn Austfjell landskapsvernombområde	Vinje/Tinn
Brattefjell Vindeggen landskapsvernombområde	Vinje/Hjartdal/Tinn
Verneområder i Hordaland	Kommuner
Hardangervidda nasjonalpark	Eidfjord, Ullensvang, Odda
Hallingskarvet nasjonalpark	Ulvik
Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombomr.	Eidfjord og Ulvik
Aksnesholmane naturreservat	Kvam
Verneområder i Buskerud	Kommuner
Hardangervidda nasjonalpark	Hol, Nore og Uvdal
Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombomr	Hol, Nore og Uvdal

2. Fjellredningsarbeid

Ein medarbeider i Fjelloppsynet deltok som instruktør på eit fjellredningskurs for politiet og deltok på ei operasjonsleiarparole for politiet i Telemark politidistrikt. Vedkomande deltok også på ein leiteaksjon på Haukelifjell.

3. Informasjonsarbeid



Hallingskarvet er synleg frå store deler av vidda

3.1 Generelt

Der er prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til om lag 490 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid ved sentrale innfartsområder til vidda vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet to dagar på Haukelister og åtte dagar på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og bruk av naturen var tilgjengelige. Utlendingar utgjer ein relativt stor del av dei som søker informasjon. Det er loggført at det er gjeve informasjon til 145 personar.

3.3 Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH) Det har vore artiklar og nyheiter frå Hardangervidda og den lokale forvaltninga.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

4.2 Særskilde arrangement

Personell frå fjelloppsynet hadde ansvar for organisering av opplegget i samband med villmarkshelg for ungdom i regi av fjellstyra. Samlinga var lagt til Osa i Ulvik. Det deltok om lag 40 ungdommar frå Ullensvang, Eidfjord og Ulvik kommune.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – Rv 7, m.m.

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa data om villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd med instruks frå Miljødirektoratet. Villreinen vart lokalisert visuelt og ved hjelp av radiotelemetri. Arbeidet føregjekk dels ved radiopeilig frå Rv7 i bil og dels med snøscooter som framkomstmiddel. ”Dyrepositionar” frå radimerka villein på Hardangervidda var til stor nytte i arbeidet.

Peronell frå fjelloppsynet deltok på ei synfaring med Statnett for å kartlegge om det var villrein i ei ferdselsforbodssone i samband med kraftlinjebygging på Oksenhalvøya.

5.2 Registreringar under villreinkalving

Fjelloppsynet deltok på registreringar under villreinkalvinga. Arbeidet føregjekk i Vinje kommune.



Dei fyrste stega

5.3 Strukturtelling av villrein

Fjelloppsynet deltok med to personar under strukturtelling av villrein hausten 2013. Dei gjorde registreringar i områda kring Dargesjåen.

5.4 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av utvalde hi i Eidfjord og Nore og Uvdal. I tillegg fekk nokre fjellrevhi oppdatert skildring i tråd med spesifikasjonane i den sentrale hidatabasen.

5.5 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det vart helde regelmessig tilsyn med fire foringsautomatar for fjellrev i Eidfjord. Det vart jamnleg etterfylt med for og viltkameraene på automatane vart fylgd opp.



Fjellrev på veg inn i forautomaten

5.6 Vatnprøver

Det er henta vassprøver på 5 lokalitetar. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, "Krobusbekk" og Drageidfjorden i Eidfjord.

5.7 Rovvilkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovvilkontaktarbeid i Hardanger i Hordaland og i vest Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

5.8 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid. Sporlogg frå alle turar og eige registreringskjema blir oversendt rovvilkkoordinator i Sno.

5.9 Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i Hol i eit husdyrbeitestudie i regi av Universitetet for Miljø og Biovitenskap.

5.10 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto NVE under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

5.11 GAB registrering

Fjelloppsynet har delteke på GAB registrering i Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde.

5.12 Fugletaksering TOV-E

Det er gjennomført opplæring i takseringsmetodikk og gjennomført taksering av tre ruter i Hordaland (Ullensvang, Eidfjord og Ulvik kommune) og ei i Buskerud (Hol kommune).

5.13 Registrering av hekkelokalitetar for rovfulg

Fjelloppsynet deltok under arbeidet med å registrere hekkelokalitetar for rovfugl i områder på vestvidda der dette ikkje er gjort før.

5.14 Registrering av dykkender

Mannskap frå fjelloppsynet deltok under registrering av dykkender i nasjonalparken. Arbeidet føregjekk i Nore-og Uvdal.



Frå rotenonbehandlinga

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Rotenonbehandling

Personell frå fjelloppsynet deltok under rotenonbehandling i nærområda til Stigstuv i Eidfjord og Nore og Uvdal kommune

6.2 Skilting

Det vart bora ned nye nokre nye skilt for teltforbodssoner og endepunkt for traktorsleper i Nore og Uvdal. Bommen inn til nasjonalparken på Tinnhølvegen vart vedlikehalde.

6.3 Renovasjon

Fjelloppsynet har samla saman noko skrot i nasjonalparken som er klargjort for uttransport. Det er også gjort registrering av eit båtvrak.

6.4 Rydding av vegetasjon i naturreservat

Ein tilsett i fjelloppsynet deltok i arbeidet med å brenne restane frå stadueigen vegetasjon som var rydda i Aksnesholmane naturreservat.

6.5 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærmere greie for i eigne vedlegg.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for følgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre- Sveinung H.Olsnes
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre – Trine Hilstad
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning- Trine Hilstad
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen



Kveldsstemning på austvidda

8. Organisasjonen

2.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2013 vart arrangert på Vasstun i Odda 14. juni.

2.2 Styre og Fjelloppsynsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardsrød har vore styreleiar, Dei øvrige styremedlemene har vore Dorthe Huitfeldt, Bergfinn Kvalnes, Aslak Myrvang, Kjell Røkenes, Steinar Langesæter Ørjan Angell og Ellen Drangevåg. Fjelloppsynsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardsrød, Steinar Langesæter, Ellen Drangevåg og Bergfinn Kvalnes.

2.3 Tilsette

Det har vore 5 fast tilsette medarbeidarar i 2013 og ein midlertidig tilsett (tabell 4.) Trine Hilstad har vore tillitsvald og verneombud.


Tabell 4. Tilsette i 2013

Tilsett / kontorstad	Stillingsstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	70,8%
Harald Normann Andersen	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	75 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	55 %
Sten-Rune Jensen, Uvdal	Sommarvikar

Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 189,5 timeverk for Røldal fjellstyre.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i statsallmenningen i nærområda til E 134 m.a Ståvatn i Ulevaåvatn samt i Hellevassområdet. Det er ført oppsyn med småviltjakt med prioritet på nærområda til veg og grensa mot Vinje kommune.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bokar på to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukliseter.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:	88,5			
Småviltjakt:	57,5			
Anna:	16			
* Villreinjakt:	9,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	13	631 +mva	184,0	143290
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:				
Reperasjon/vedlikehald av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Synfaringar og anna:		631+mva	0,0	0
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:				
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	7,5	459+mva	7,5	4303
ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:				
Planlegging m.v.				
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	11	459+mva	11,0	6311
Infomateriell m.v.:				
Andre kostnader:				
		SUM	153904	

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Anna kontorarbeid:	0	0
T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
184,0	16,5	153904
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)		
Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
459+mva		0
Totalkostnad Kr		153904

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50% Fjellstyret, 50%	76952
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:	Fjellstyret, 100% Fjellstyret, 100%	76952
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:		


Totalfinansiering, inklusive refusjon	153904,0
Kostnad for fjellstyret	Kr 76952,0

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 480,5 timeverk for Ulvik fjellstyre.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det vart utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Særskild garnfiskekontroll føregjekk i Langavatnet. Det vart helde oppsyn med at fredningspåpodet av rypa vart helde. Under villreinjakra var oppsynspersonell til stades på Osafjellet.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

På hytta i Søre Grøndalen vart ei takskade utbetra og ny papp vart lagt på. Det vart laga til ny kjøkkenbenk i hytta og ny dør og glas vart beisa. Båten i vatnet vart reparert. Det vart lagt på nytt sengetøy i hyttene.

Transportar

Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene. Det er transportert ved opp til overløpet ved Austdal for vidaretransport vinterstid. Ein gammal ovn og søppel vart transport ut frå Rundavassbu.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:	9			
Småviltjakt:				
Anna:				
* Villreinjakt:	19,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	15	631 +mva	43,0	33486
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	5			
Tilsyn-hytter:	25			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	45			
Renovasjonsarb.:	6			
Anna:	15	631+mva	96,0	74760
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:	9,5			
Saksbehandling:	9			
Planarbeid:	76			
Anna kontorarbeid:	208	459+mva	302,5	173559
ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:				
Planlegging m.v.	27			
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	12			
Infomateriell m.v.:		459+mva	39,0	22376
Andre kostnader:				
		SUM		304182

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel

Anna kontorarbeid:	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
	459+mva	0	0
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)	T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
			304182
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	459+mva		0
	Totalkostnad Kr		304182

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50%	152091,0
	Fjellstyret,	
	50%	152091,0
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:		
	Fjellstyret, 100%	
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:	Fjellstyret,	
	100%	


Totalfinansiering, inklusive refusjon	304182,0
Kostnad for fjellstyret Kr	152091,0

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 511 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Det er nyttet mest tid til sekretariatet, transportoppdrag og villreinjakttoppsyn.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Trine Hilstad.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Tilsyn med hytter og brannvernarbeid m.m.

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene. Fjellstyrehyttene på Hansbu er rundvaska og søppel er frakta ut. Det er gjennomført interkontroll med brannvertilhøva. Herunder tilsyn med eldstader, gasskokeapparat, brannslokkingssapparat og brannvaslarar.

Transportar

Det er transportert gass, ved og materialer til hyttene. Til Raudåni er det transportert vindauger.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Anna:				
* Villreinjakt:	17,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	21	631 +mva	38,0	29593
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:	36			
Tilsyn-hytter:	12,5			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	16,5			
Renovasjonsarb.:				
Synfaringar og anna:	3	631+mva	68,0	52955
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:	27,25			
Saksbehandling:	65,75			
Planarbeid:	2,5			
Anna kontorarbeid:	235	459+mva	330,5	189624
ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:				
Planlegging m.v.	4			
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	17			
Infomateriell m.v.:	2,5	459+mva	23,5	13483
Andre kostnader:				
		SUM		285655

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel

Anna kontorarbeid:	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
	459+mva	0	0
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)			
T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr	
	106,0	354,0	285655
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	50	459+mva	51
			28974
		Totalkostnad Kr	314629

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50%	142827,5
	Fjellstyret,	
	50%	143027,5
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:		
	Fjellstyret, 100%	
	Fjellstyret,	
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:	100%	28974


Totalfinansiering, inklusive refusjon	314829,0
50% av timane til Fellesstyret er med i timegrunnlaget	Kostnad for fjellstyret Kr 172001,5

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

Arbeid for Odda fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 157 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Sekretariat

Sekretærarbeidet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er utført av Trine Hilstad.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Anna:				
* Villreinjakt:	7,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	10	631 +mva	17,0	13239
SKJØTSEL, ikkje inntektsjevande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:	1,5			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	10,5			
Renovasjonsarb.:				
Synfaringar og anna:	3	631+mva	15,0	11681
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:	7,75			
Saksbehandling:	33,75			
Planarbeid:	2,5			
Anna kontorarbeid:	71,5	459+mva	115,5	66268
ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:				
Planlegging m.v.	1			
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	8,5			
Infomateriell m.v.:		459+mva	9,5	5451
Andre kostnader:				
		SUM		96639

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonsmiddel

Anna kontorarbeid:	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
	459+mva	0	0
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)			
	T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
			96639
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	459+mva	1	287
	Totalkostnad	Kr	96926

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50%	48319,5
	Fjellstyret,	
	50%	48319,5
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:		
	Fjellstyret, 100%	
	Fjellstyret,	
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:	100%	


Totalfinansiering, inklusive refusjon	96639,0
50% av timane til Fellesstyret er med i timegrunnlaget	Kostnad for fjellstyret Kr 48319,5

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 796,5 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytteiene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytteiene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehytteiene sommar og vinterstid.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i Geitvassdalen m.m. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar. Fjelloppsynet hadde samordna informasjonstjeneste for alle fjellstyra i juli og augst. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen og Haukeliseter.

Fiskeundersøkjingar

Personell frå fjelloppsynet deltok på prøvefiske i Storfisketjørn.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:	3			
Småviltjakt:				
Anna:				
* Villreinjakt:	11,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	17	631 +mva	31,0	24141
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:	12			
Transportoppdrag:	44			
Tilsyn-hytter:	15			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	12			
Renovasjonsarb.:	5			
Synfaringar og anna:	24	631+mva	112,0	87220
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:	46			
Saksbehandling:	373			
Planarbeid:	114			
Anna kontorarbeid:	8,5	459+mva	541,5	310686
ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:				
Planlegging m.v.				
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	36			
Infomateriell m.v.:	1	459+mva	37,0	21229
Andre kostnader:				
		SUM		443276

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel

Anna kontorarbeid:	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
	459+mva	21	11762
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)	T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
	143,0	711,5	455038
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	459+mva	54	30983
	Totalkostnad Kr		486020

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50%	221638
	Fjellstyret,	
	50%	221638
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:		
	Fjellstyret, 100%	11762
	Fjellstyret,	
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:	100%	30983


Totalfinansiering, inklusive refusjon	486021,0
Kostnad for fjellstyret Kr	264383,0

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyra.

Arbeid for Rauland fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 146,5 timeverk for Rauland fjellstyre.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det var oppsyn i statsalmenningen under villreinjakta.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar på to dagar fire veker sommarstid, samt var til stades to dagar på Haukliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:				
Småviltjakt:				
Anna:				
* Villreinjakt:	1,5			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	3	631 +mva	4,5	3504
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transportoppdrag:				
Tilsyn-hytter:	9			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:				
Renovasjonsarb.:				
Synfaringar og anna:		631+mva	9,0	7009
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:	13			
Saksbehandling:	51,00			
Planarbeid:	15,5			
Anna kontorarbeid:	20,5	459+mva	100,0	57375
ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:				
Planlegging m.v.	6			
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	2,5			
Infomateriell m.v.:	4	459+mva	12,5	7172
Andre kostnader:				
		SUM		75060

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonsmiddel

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Anna kontorarbeid:		
459+mva	18,5	10614
T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
13,5	131,0	85674
Sum alt refusjonsberettiga arbeid (1a+1b)		
Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
459+mva	2	1148
Totalkostnad Kr		86822

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50%	37530
	Fjellstyret, 50%	37530
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddel:		
	Fjellstyret, 100%	10614
	Fjellstyret, 100%	1148
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:		


Totalfinansiering, inklusive refusjon	86822,0
Kostnad for fjellstyret	49292,0

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyrer

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyrer.

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn utført 347 timeverk for Eidfjord fjellstyre.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning føregjekk hovudsakleg ved Tinnhølen, Snero Langevatnet, Nordmannslågen, Lakjen, Drageidfjorden Svartavasstjørni og Svartavatnet. Kontroll av småviltjakt, herunder jaktforbud på ryper, vart utført i grenseområder mot private terrenget i Bjoreidalen og i grenseområda mot Øvre Numedal statsallmenning på Skaupsjøtunga. Det var også oppsyn i ulike stader i nærområda til Rv 7. I tida villreinjakta føregjekk, var det ved fleire høver oppsyn i statsallmenningen. Oppsynsaktiviteten føregjekk både i områda nord for Normannslågen og på sørsida. Det var oppsyn vestover til Viersla og i austlege områder ved Kleivshoven og Vomba.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Båtane til fjellstyret er lagt opp for vinteren.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Noko brannvernmatteiell er bytta ut, og i Førarbua på Gamla Sandhaug er det teke inn utstyr som mangla.

Bygningsarbeid på hytter m.m.

Mannskap frå fjelloppsynet bygde gelender til hemsen på Gamla Sandhaug og bytte ei dør i Viersla. Det var også sett på ei provisorisk dodør på Gamla Sandhaug. Det vart gjort litt vedlikehaldsarbeid på torvtaket til steinbua i Langavasshallet og ordna med doen til hovudhytta. På Tinnhølenhytta vart ein pipelekasje tetta.

Transportar m.m.

Det er transportert inn ved søppel frå fleire av hyttene. Ordninga med søppelstativ for kjeldesortering av pantbare boksar/flasker og restavfall på hyttene syner seg å fungere godt. Det er ordna med vask av alt sengetyjet til fjellstyrehyttene.

Fiskekultivering.

Fjelloppsynet organiserte og sette ut fisk i Tinnhølen i lag med personell frå Statkraft. Fjelloppsynet deltok også med mannskap ved prøvefiske i Langavatnet. Fjelloppsynet har henta vassprøver i Svartavatnet, Svartavasstjørna og Drageifjorden m.m.

Kostnader

1a. Refusjonsberettiga arbeid	Timeverk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veileding, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:	110			
Småviltjakt:	30,5			
Anna:	9			
* Villreinjakt:	15,0			
** Anna: Info- Tinnhølen/Haukliseter	21	631 +mva	185,5	144458
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjenvande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:	21			
Transportoppdrag:	17			
Tilsyn-hytter:	31,5			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	34			
Renovasjonsarb.:	11			
Synfaringar og anna:		631+mva	114,5	89167
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
Møter:				
Saksbehandling:				
Planarbeid:				
Anna kontorarbeid:	28,5	459+mva	28,5	16352
ANNA, refusjonsberettiga- kontorabeid:				
Planlegging m.v.				
* Kurs, oppsynssamling før jakta :	18,5			
Infomateriell m.v.:		459+mva	18,5	10614
Andre kostnader:				
		SUM		260591

1 b. Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelege refusjonsmiddel

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Anna kontorarbeid:	459+mva	0

**Sum alt refusjonsberettiga arbeid
(1a+1b)**

T. v. feltarbeid	T.v. kontor	Forbruk-Kr
300,0	47,0	260591

2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	459+mva	0
Totalkostnad Kr		260591

Finansiering

1a. Refusjonsberettiga arbeid:	Refusjon frå Statskog, 50% Fjellstyret, 50%	130295,5
1.b Refusjonsberettiga arbeid utan tilgjengelige refusjonsmiddele	Fjellstyret, 100% Fjellstyret, 100%	130295,5
2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid:		

Totalfinansiering inklusive refusjon Kr 260591,0
Kr 130295,5

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet utgjer kr 100.000,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyrta

** Kostnader i samband med informasjonstjenesta utgjer kr 77.875,- som er fordelt etter areal mellom fjellstyrta.

Vedlegg 2. Arbeid for medlemer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Det er ikkje utført arbeid for medlemer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad i 2013.

Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn

Tabell 1. Antall timeverk fordelt temavis

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar	198,5
Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7	113,5
GAB registrering	8,5
Registrering av fjellrevhi	21
Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	163
Oppsyn med sårbar fauna (hekkelokalitetar m.m.)	58
Registreringar under villreinkalving	118
Nyregistreringar av hekkelokalitetar ,rovfugl	22
Rovviltkontaktarbeid	127,5
Pedagogisk arbeid, vinterkurs	18
Redningstjeneste	20
Arbeid med info-tavler og verneskilt	20
Fugletaksering TOV-E og opplæring i metodikk	176,5
Rotenonbehandling	74
Synfaring, mastebygging-villrein	8
Skjøtsel i naturreservat	9,5
Dykkandregistrering	31
Oppsyn under villreinjakta	1039
Kontorarbeid rovviltkontaktar	10
Anna kontorarbeid- rapportering etter feltoppdrag	248
SUM	2551